

LØYVE TIL MOTORFERDSLE ETTER VERNEREGLANE FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK M.M. 2023

Etter e-post og telefonsamtale den 13.10.2023 og etter vedtak i Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark 15.06.2020, sak 09/20 får:

Namn: **Lars Norheim**
Adresse: **Steine 117**
Poststad: **5600 NORHEIMSUND**

med dette løyve til motorferdsle etter vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark for:

Landing med helikopter frå godkjent selskap; Airlift AS

i/på/ved: Stavali beiteområde

**Løyvet gjeld inntil 2 landingar i tidsrommet 13.10. til 31.10. 2023.
Dette løyve kjem i tillegg til det fleire årsløyve som er gjeve for åra 2020-2023.**

Løyvet gjeld transport av varer og utstyr til beitebruk, og ved slepp, tilsyn og sanking av beitedyr i samsvar med pkt. 4.6.3.4.a i vernereglane, og etter reglane i Lov om motorferdsle i utmark § 6.

Merknader/særskilde vilkår:

- Motorferdsel utanom gjevne føremål og stad er forbode.
- Det må takast omsyn til viltet i området, og det kan gjevast pålegg om å utsetje transporten av omsyn til villrein eller andre omsyn til naturen.
- Dette løyvet gjeld ikkje retten grunneigar og brukar måtte ha til å stoppe eller avgrensa motorferdsel på sin eigedom etter gjeldande rettsreglar, jfr. motorferdsellova § 10.
- Baksida av løyvet skal fyllast ut før tur og før retur.
- Tilsynsutvalet kan til ei kvar tid trekkja attende motorferdselløyvet om lov eller forskrift vert endra, eller vilkåra for løyvet ikkje vert overhelde.

NB! Sjå baksida av løyvet.

Dette løyvet skal alltid vera med under transporten, og det skal visast til oppsynet når dette vert krevd.

**Løyvehavar sin gjenpart skal fyllast ut på baksida og sendast
Tilsynsutvalet i Vestland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik ,når løyvet er ferdig nytta.**

Tilsynsutvalet i Vestland, 13.10.2023

Anne Gerd Nysveen /sign.
Sekretær

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke.Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

UTFØRTE TURAR

	Dato	Reg. nr	Signatur av fører
Landing nr. 1	_____	_____	_____
Landing nr. 2	_____	_____	_____

NB!

Førar av køyretyet (for luftfarty: flygaren) skal underteikne ovafor før tur og retur.

Turen er ikkje å rekne som utført i samsvar med føresetnadene dersom dette ikkje er gjort.

Brot på reglane i løyvet kan føra til gebyr/påtale ved eventuell kontroll.

NB!

Etter endt sesong, skal både unytta løyve og nytta løyve med påteikning for utførte turar, underteiknast og sendast:

Tilsynsutvalet i Vestland, Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik

eller på e-post til:

tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.kommune.no

innan 14 dager som grunnlag for statistikk.

Stad og dato

Underskrift
